

MØTEINNKALLING

Utval: **KOMMUNESTYRET**
Møtestad: **Tingsalen**
Møtedato: **04.02.2010** Tid: **13.00**

Event. forfall må meldast til tlf. 57 65 56 00. Varamedlemer møter etter nærare varsel.
Saksdokumenter er utlagde i Service-ekspedisjonen og i biblioteket.

SAKLISTE:

| Sak nr. | Arkivsak nr. | Tittel |
|----------------|---------------------|--|
| 1/10 | 09/459 | Interkommunalt brannvern - forprosjekt |
| 2/10 | 10/61 | Eigedomsskatt 2010 |
| 3/10 | 07/836 | Val av medlem og leiar for overformynderiet 2010-2011 |
| 4/10 | 10/16 | Søknad om mellombels fritak frå verv i Leikanger kommune, Astri Taklo |
| 5/10 | 10/44 | Rettleiande retningslinjer for økonomisk sosialhjelp 2010 |
| 6/10 | 09/106 | Søknad om løyving av startlån for vidare tildeling. |
| 7/10 | 10/33 | Gebyr for handsaming av private reguleringsplanar og dispensasjonar |
| 8/10 | 10/49 | Gebyr for byggesakshandsaming |
| 9/10 | 10/51 | Gebyr etter matrikkellova |
| 10/10 | 10/41 | Bustadbygging i Lundene |

| | |
|-------|--|
| 11/10 | 10/50 Avtale med Leikanger næringshage om sakshandsaming av næringsfondssakene |
| 12/10 | 10/35 Tilleggsøyving |
| 13/10 | 10/20 Helsetenesta - ny lokalisering |
| 14/10 | 10/67 Endring av vedtektene for dei kommunale barnehagane i Leikanger |
| 15/10 | 10/70 Delegeringsreglement for Leikanger kommune - område Opplæringslova |
| 16/10 | 10/74 Orienteringar |

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Interkommunalt brannvern - forprosjekt

Sakshandsamar: Per Holen
Arkivsak nr.: 09/459

Arkiv: 026 M70

| Sak nr.: | Utval | Møtedato |
|----------|---------------|------------|
| 2/10 | Formannskapet | 27.01.2010 |
| 1/10 | Kommunestyret | 04.02.2010 |

Formannskapet sitt FRAMLEGG TIL VEDTAK, samr.:

1. Leikanger kommune tek utarbeidd forprosjekt om "Sogn Brannvern" av 28.12.09 til orientering.
2. Leikanger kommune vil delta i det vidare arbeidet for å få etablert eit felles brannvern i regionen. I dette arbeidet skal styringsgruppa sine vurderingar leggjast til grunn, jfr saksutgreiinga.
3. Leikanger kommune oppmodar om at organiseringa av hovudprosjektet blir utvida med ei eiga referansegruppe samansett av to politisk valde frå kvar av deltakarkommunane.

HANDSAMING:

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med tillegg av punkt 3

TILRÅDING:

1. Leikanger kommune tek utarbeidd forprosjekt om "Sogn Brannvern" av 28.12.09 til orientering.
2. Leikanger kommune vil delta i det vidare arbeidet for å få etablert eit felles brannvern i regionen. I dette arbeidet skal styringsgruppa sine vurderingar leggjast til grunn, jfr saksutgreiinga.

DOKUMENT:

- Forprosjekt Sogn Brannvern, rapport av 28.12.09. (vedl.)
- Vedleggshäfte til forprosjektrapporten av 28.12.09

- Søknad om omstillingsmidlar - fornying av off. sektor av 11.01.10

SAKSUTGREIING:

Samandrag:

I saka vert forprosjektrapporten om interkommunalt samarbeid på brannområdet lagt fram for politisk nivå. Rådmann tilrår at Leikanger kommune skal delta i vidare arbeid, eit hovudprosjekt, med målsetjing om å etablere interkommunalt samarbeid for heile brannområdet .

Fakta:

Saka har utgangspunkt i tidlegare politisk initiativ om interkommunalt samarbeid, mellom Leikanger, Sogndal og Luster innan teknisk område.

Vedlagde forprosjektrapport gir nærare informasjon om bakgrunn og det arbeidet som er gjort. Utkast til forprosjektrapport, datert 21.12.09 vart lagt fram for styringsgruppa for prosjektet, rådmennene i Leikanger, Sogndal og Luster, i møte 22.12.09.

I endeleg rapport, datert 28.12.09, er det gjort nokre presiseringar og tilføyingar mellom anna på bakgrunn av innspel frå styringsgruppa.

Den utarbeidde rapporten er fullt ut konsulenten, SOS Brannkonsult v/Atle Strandos, sin rapport.

Vurdering:

Styringsgruppa sine vurderingar og konklusjonar frå møtet 22.12.09 kan oppsummerast slik;

- Forprosjektrapporten gir god informasjon over status og utfordringar på brannområdet
- Forprosjektrapporten er eit godt utgangspunkt/grunnlag for vidare drøftingar om felles brannvern.

Styringsgruppa tek ikkje stilling til organisasjonsform no. Temaet må utgreiast/drøftast nærare og spesielt må ein sjå på vertskommunemodellen som organisasjonsform i det vidare arbeidet..

Styringsgruppa tek heller ikkje stilling til lokaliseringa. Dette spørsmålet må også utgreiast/drøftast nærare.

Balestrand og Vik kommune vert, med bakgrunn i eigne initiativ, inviterte til å delta i samarbeidet.

Kommunane bør sikre politisk forankring av forprosjektet og ta stilling til vidare arbeid tidleg i 2010.

Styringsgruppa meiner arbeidet med felles brannvern bør vidareførast som eit hovudprosjekt.

Det vidare arbeidet bør ha slike milepelar;

- Konsulentarbeid/eige arbeid i første halvår 2010. Etableringsavtale, organisering/lokalisering, selskapsavtale/samarbeidsavtale, dimensjonering, kostnader/kostnadsfordeling.
- Politisk vedtak om felles brannvern mai/juni 2010.
- Utlysing av stilling som felles brannsjef før sommaren 2010.
- Arbeid i regi av brannsjef/konsulent hausten 2010. Overordna ROS-analysar, branndokumentasjon, endeleg dimensjonering, overføring av personell, budsjett 2011 og evt overgangsordningar.

- Iverksetjing "Sogn brannvern" frå 01.01.11.

Dette er ein ambisiøs framdriftsplan og ein må vera førebudd på at det kan oppstå behov for avklaringar som krev noko meir tid slik at tidslinja må utvidast med nokre månader.

Med atterhald om politisk godkjenning for vidare arbeid er det søkt om "omstillingsmidlar til fornying av offentleg sektor".

Rådmann har vore med i styringsgruppa og slutta seg til ovannemnde vurderingar.

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap har ved fleire høve oppmoda om interkommunalt samarbeid på brann- og beredskapsområdet.

På grunnlag av avviksrapportar til kommunane har Fylkesmannen følgd opp same oppmodinga. Spesielt på brannområdet vil kommunane møte store utfordringar med å innfri dei lovmessige krava på ein god nok måte.

Det er også ein aukande trend rundt om i landet at kommunar går saman om å organisere brann- og redningstenesta som interkommunale løysingar.

Førebelse vurderingar syner at det bør vera mogleg å etablere ei god interkommunal ordning innanfor dei økonomiske rammer som no vert nytta. Kostnadsutviklinga framover er likevel usikker. Dette vil ikkje minst vere tilfelle dersom vi vel å ta hand om desse tenestene på eiga hand.

Det vil vera lettare å løysa desse oppgåvene i eit interkommunalt samarbeid enn om kvar kommune skal ha sine egne tenester. Med aukande krav til kvalitet, kompetanse og ressursutnytting vil ei større eining over tid kunne gje føremonar.

Det er difor interessant at Balestrand kommune er interessert i full deltaking og at Vik kommune er interessert i enten delvis eller full deltaking i samarbeidet.

Organisasjonsform, lokalisering og kostnadsdeling er ofte sentrale spørsmål i samarbeidssaker. Rådmann meiner ein bør vente med å dra dei endelege konklusjonane inntil prosjektet er nærare utgreidd..

Rådmann tilrår at Leikanger kommune tek del i det vidare arbeidet med målsetjing å etablere felles brannvern i regionen, Sogn Brannvern.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Eigedomsskatt 2010

Sakshandsamar: Ingunn Broch Hauge
Arkivsak nr.: 10/61

Arkiv: 232

Sak nr.: Utval
2/10 Kommunestyret

Møtedato
04.02.2010

TILRÅDING:

Det vert ikkje gjort endringar i kommunestyrevedtak 64/09 av 15.12.2009 vedrørende skattøre for eigedomsskatt. Kommunestyret held fast på fylgjande vedtak:

I samsvar med §11 vert eigedomsskatten fastsett til 7 promille. I medhald av §12 a, vert det fastsett ulik promille for "bustaddelen i eigedomar med sjølvstendige bustaddelar". Denne satsen vert sett til 2,5 promille.

DOKUMENT:

- K-sak 64/09 av 15.12.2009
- Lov om eigedomsskatt til kommunane

SAKSUTGREIING:

I kommunestyresak 64/09 av 15.12.2009, vart det gjort fylgjande vedtak.:

- *I samsvar med §11 vert eigedomsskatten fastsett til 7 promille. I medhald av §12 a, vert det fastsett ulik promille for "bustaddelen i eigedomar med sjølvstendige bustaddelar". Denne satsen vert sett til 2,5 promille.*

Det vert teke atterhald om at promillen kan bli justert våren 2010.

Status eigedomsskatt 2010

Dei aller fleste eigedomar er no registrerte i eigedomsskatteregisteret og er klargjort for utrekning av eigedomsskatt.

Takseringsarbeidet er utført av skattetakstnemnda i samsvar med lov og vedtekter. For å takserer "verk og bruk" samt næringsseigedomar er det søkt hjelp hjå sakkunnige.

Når det gjeld næringsseigedomane, så er desse ferdig takserte og er klargjort for nemnda.

For "verk og bruk" manglar vi framleis tilbakemelding frå firmaet som klargjer desse takstane for oss.

Det er i oppsettet simulert ein auke på 20% på desse installasjonane.

I Leikanger kommune består "verk og bruk" av overføringslinjer, teleanlegg med meir.

Basert på dette grunnlaget og med promillen det vart gjort vedtatt om 15.12.2009, vil eigedomsskatten bli slik:

| | Grunnlag | Promille | Skatt | Sum pr gruppe | Budsjett 2010 |
|--------------------------------------|-------------|----------|-----------|---------------|---------------|
| Næring | 273 861 000 | 0,0070 | 1 917 027 | 1 917 000 | |
| Privat: | | | | | |
| Bustad | 892 864 000 | 0,0025 | 2 232 160 | | |
| Landbruk bustad | 114 156 000 | 0,0025 | 285 390 | 2 518 000 | |
| Verk og Bruk (gamle takstar): | | | | | |
| Sognekraft | 14 540 000 | 0,0070 | 101 780 | | |
| Statneste 132 kv H-F | 8 560 000 | 0,0070 | 59 920 | | |
| Statneste 132 kv F-M | 12 660 000 | 0,0070 | 88 620 | | |
| Telenor Solution | 7 300 000 | 0,0070 | 51 100 | | |
| Telenor Mobilnett | 250 000 | 0,0070 | 1 750 | | |
| | | | 303 170 | | |
| Oppjusterer 20% | | | | 364000 | |
| Totalt berekna e-skatt | | | | 4 799 000 | 4 170 000 |
| | | | | | |
| Over budsjett | | | | | 629 000 |

Eigar / rekningsmottakar kan i år 2010 klage på taksten som er grunnlaget for skatten og ein må difor rekne inn ein reserve til klagehandsaminga.

Rådmann rår difor til at ein held fast på vedtaket frå 15.12.2009.

Endeleg takst og utrekna skatt vert utlagt til offentleg ettersyn seinast 01.03.2010.

Døme på takstar / skatt ulike plassar i bygda:

| | Gml. Takst | Gml. Skatt(7prom) | Ny takst | Skatt (2,5prom) | Auke (%) |
|---------------------|------------|---------------------|-----------|-----------------|----------|
| Hjedl, byggeår 2007 | 312 000 | 2 184 | 1 400 000 | 3 500 | 60,26 |
| Leite, byggeår 1967 | 200 500 | 1 404 | 1 000 000 | 2 500 | 78,13 |
| Dalen, byggeår 1982 | 229 000 | 1 603 | 1 200 000 | 3 000 | 87,15 |

Døme på utrekna skatt ved ulike promillesatsar:

| | Grunnlag | Promille | Promille | Promille | Promille |
|----------------------|---------------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Næring /verk og bruk | | 0,0070 | 0,0060 | 0,0070 | 0,0060 |
| Bustader | | 0,0025 | 0,0030 | 0,0030 | 0,0025 |
| Næring /verk og bruk | 317 171 000 | 2 220 197 | 1 903 026 | 2 220 197 | 1 903 026 |
| Bustader | 1 007 020 000 | 2 517 550 | 3 021 060 | 3 021 060 | 2 517 550 |
| Totalt | | 4 737 747 | 4 924 086 | 5 241 257 | 4 420 576 |

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Val av medlem og leiar for overformynderiet 2010-2011

Sakshandsamar: Ole Opheim Røthe
Arkivsak nr.: 07/836

Arkiv: 033

Sak nr.: Utval
3/10 Kommunestyret

Møtedato
04.02.2010

TILRÅDING:

1. Som nytt medlem i overformynderiet for perioden 2010 – 2011 vert valt

Astrid Hammer Bolstad.

2. Som leiar for overformynderiet i same periode vert valt

Astrid Hammer Bolstad.

DOKUMENT:

- Rundskriv dat. 01.10.2007 frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane: Oversikt over råd og utval som skal utpeikast etter kommunevalet.
- Rundskriv dat. 17.10.2007 frå Justis- og politidepartementet om overformynderiets oppgåver og kompetanse – organisering i kommunen.
- Kopi av referat frå møte 28.10.2009 mellom Nettverket for overformynderia i Noreg og Justisdepartementet.
- Domstolloven.

SAKSUTGREIING:

Det vert synt til K-sak 74/07 *Val av medlem og varamedlem til overformynderiet. Val av leiar* i møte 22.11.2007.

I vergemålslovens § 22 heiter det:

”Når en overformynder dør eller flytter fra kommunen, eller når han ikke lenger fyller lovens krav til valgbarhet, eller når han av annen lovlig grunn fratrer før tiden, holder kommunen nytt valg. Til det er holdt, gjør varamannen tjeneste. Er der mindre enn et år igjen av tjenestetiden, kan nytt valg undlates. ”

Noverande leiar av overformynderiet (og medlem) ønskjer å slutte som leiar av overformynderiet. Leiarane i overformynderiet sit to år om gongen i overformynderiet si

funksjonstid. Han har imidlertid sagt seg viljug til å sitje som medlem for resten av valde funksjonstid til noverande overformynderi i Leikanger.

Den andre medlemen i overformynderiet ønskjer å trekkje seg frå overformynderiet etter fleire periodar, då hans funksjonstid gjekk ut 31.12.2009. Medlemen har vore medlem av overformynderiet i to periodar og kan be om fritak av denne grunn. Det er domstollova som regulerer val av og fritak for medlemmer til overformynderiet.

Kommunestyret vel inn nytt medlem for overformynderiet, som sit ut funksjonstida til noverande overformynderi. Den nye medlemen har sagt seg viljug til å ta vervet som leiar av overformynderiet ut funksjonstida.

Kva som vil skje med organiseringa av overformynderiet her til lands etter funksjonstida til overformynderia går ut pr. 31.12.2011 er enno uvisst. Det vert arbeidd med ei ny organisering av overformynderiet.

Oppgåva og ansvaret for overformynderiarbeidet skal flyttast frå kommunane til Fylkesmannen. Måten å organisere overformynderiet i fylka på vert opp til kvar einskild fylkesmann. Det er klart at det vil ikkje skje organisasjonsendringar frå kommune til fylkesmann før løyvingar til ny organisering hjå fylkesmannen ligg føre. Det er heller ikkje klart når eit lovframlegg om endra organisering av overformynderiet til kome opp til handsaming i Stortinget.

Resten av funksjonstida (fram til 31.12.2011) vil overformynderiet i Leikanger bestå av to medlemmer (Astrid Hammer Bolstad og Steinar Velle) og to varamedlemmer (Susanne Svoldal og Finn Sundby).

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Søknad om mellombels fritak frå verv i Leikanger kommune
Astri Taklo

Sakshandsamar: Ole Opheim Røthe
 Arkivsak nr.: 10/16

Arkiv: 033 &16

Sak nr.: Utval
 4/10 Kommunestyret

Møtedato
 04.02.2010

TILRÅDING:

1. Astri Taklo vert gjeve fritak frå og med 1.1.2010 og fram til til 30.06.2010.
2. I same perioden rykkjer Janne Sørum opp som fast representant i kommunestyret.
3. I same perioden rykkjer Jarle Bøyum opp som fast representant i formannskapet.
4. I same perioden rykkjer Jan Sigurd Haugen opp som fast representant i Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.
5. I same perioden vert som nytt varamedlem til styret for Leikanger reiselivslag valt

.....

6. I same perioden vert som nytt medlem til forhandlingsutvalet for leiargruppa i Leikanger kommune valt

.....

DOKUMENT:

- Søknad dat. 09.12.2009
- Kommunelova §§15-2, §§16-2, 16-3

SAKSUTGREIING:

Representanten Astri Taklo søker om mellombels fritak frå politiske verv i perioden 01.01.2010 til 30.06.2010. Astri Taklo er fast medlem i kommunestyret, i tillegg fast medlem i formannskapet, fast medlem i Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne,

varamedlem i styret for Leikanger reiselivslag og fast medlem til forhandlingsutvalet for leiargruppa.

Astri Taklo skal arbeide i Statens vegvesen Vegdirektoratet i Oslo i perioden 01.10.2010 til 30.06.2010. Ho skal opphalde seg og bu i Oslo i same tidsrom.

Kommunelova opnar for at representantar kan verte fritaken frå verv på grunnlag av søknad. I kommunelova §15-2 heiter det at *"Kommunestyret eller fylkestinget kan etter søknad fritta, for et kortere eller resten av valgperioden, den som ikkje utan uforholdsmessige vanskeligheter eller belastning kan skjønne sine plikter i vervet"*. Det kan verte gjeve fritak for kortare eller resten av valperioden.

Representantane sin arbeidssituasjon kan vurderast som grunn til fritak, men også helse-relaterte tilhøve og opphald utanfor kommunen kan vurderast.

Avgjerder om fritak vert vurderte ut frå skjønn.

Kommunestyret har i tidlegare sak gjeve mellombels fritak frå politiske verv i avgrensa periode grunna auka arbeidsbyrde og auka reiseaktivitet knytt til arbeidet.

Søknaden opplyser ikkje om auka arbeidsbyrde for representanten, men at representanten skal arbeide og bu i Oslo. Det vert oppfatta å medføre *"uforholdsmessige vanskeligheter"* eller verte belastande å arbeide og bu i Oslo og skjønne politiske verv i Leikanger.

Rådmannen rår til at søknaden vert innvilga ut frå representanten sin arbeids- og opphaldssituasjonen vil kunne gje *"uforholdsmessige vanskeligheter"* i det å skjønne politiske verv, og sett i samanheng med tidlegare slike saker.

For same fritaksperiode rykkjer Janne Sørum opp som fast medlem i kommunestyret, Jarle Bøyum opp som fast medlem i formannskapet og Jan Sigurd Haugen opp som fast medlem i Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.

Kommunestyret bør avgjere om det skal veljast nytt medlem i forhandlingsutvalet for leiargruppa i fritaksperioden og likeeins nytt varamedlem for fast kommunal representant i styret for Leikanger reiselivslag.

Rådmannen vil i denne samanhengen oppfordra politiske representantar i Leikanger kommune å *"tøye grensene langt"* før det vert søkt om mellombels fritak frå politiske verv grunna at endre arbeidssituasjonen medfører *"uforholdsmessige vanskeligheter"* eller belastning i å kunne skjønne sine politiske verv.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Rettleiande retningslinjer for økonomisk sosialhjelp 2010

Sakshandsamar: Grete Hagen
Arkivsak nr.: 10/44

Arkiv: 223 F01

Sak nr.: Utval
10/10 Formannskapet
5/10 Kommunestyret

Møtedato
27.01.2010
04.02.2010

Formannskapet sitt FRAMLEGG TIL VEDTAK, samr.:

Leikanger kommune justerer satsane for økonomisk sosialhjelp til tilsvarende nivå som dei statlege satsane frå 01.02.2010. Fylgjande satsar vert lagt til grunn i Leikanger kommune:

| | |
|------------------------------|--------------------|
| Einsleg | kr. 5.535 |
| Ektepar/sambuar | Kr. 8.632 |
| Person i bufellesskap | Kr. 4.316.- |

| | |
|----------------------|------------------|
| Barn 0-5 år | Kr. 1.982 |
| Barn 6-10 år | Kr. 2.632 |
| Barn 11-17 år | Kr. 3.303 |

TILRÅDING:

Leikanger kommune justerer satsane for økonomisk sosialhjelp til tilsvarende nivå som dei statlege satsane frå 01.02.2010. Fylgjande satsar vert lagt til grunn i Leikanger kommune:

| | |
|------------------------------|--------------------|
| Einsleg | kr. 5.535 |
| Ektepar/sambuar | Kr. 8.632 |
| Person i bufellesskap | Kr. 4.316.- |

| | |
|----------------------|------------------|
| Barn 0-5 år | Kr. 1.982 |
| Barn 6-10 år | Kr. 2.632 |
| Barn 11-17 år | Kr. 3.303 |

DOKUMENT:

- Lov om sosiale tenester nr. 81 av 13.12 1991
- Rundskriv I-34/2001
- Brev frå Arbeids og inkluderingsdepartementet datert 21.12.2009 vedrørende statlege veiledane retningslinjer for utmåling av økonomisk stønad

SAKSUTGREIING:**Lov om sosiale tenester § 5-1 omhandlar økonomisk stønad til livsopphald:**

De som ikke kan sørge for sitt livsopphald gjennom arbeid eller ved å gjøre gjeldende økonomiske rettigheter, har krav på økonomisk stønad. Stønadene bør ta sikte på å gjøre vedkommende selvhjulpne.

Departementet kan gi veiledende retningslinjer om stønadsnivået.

I rundskriv A-68/2009 frå arbeids- og inkluderingsdepartementet datert 21.12.2009, står det fylgjande:

Sosial – og helsedepartementet gav i 2001 rettleiande retningslinjer for utmåling av stønad til livsopphald etter sosialtenestelova. Satsane har vorte prisjustert fleire gonger, sist i 2009.

Satsane for borns livsopphald vart i 2002 heva utover prisstigninga. Vidare vart alle satsar i 2007 heva med 5 % utover prisstigninga. Satsane i dei statleg rettningsgjevande satsane vart i 2009 prisjustert i tråd med anslaget for vekst i konsumprisane i nasjonalbudsjettet for 2009 med 3 %. I tillegg vart satsane auka med 5 % utover denne prisstigninga. Satsane i dei veileiande retningslinjene blir prisjusterte i 2010 i tråd med anslaget for vekst i konsumprisane i Nasjonalbudsjettet for 2010 (1,8 %)

Økonomisk stønad etter sosialtenestelova er ei skjønsmessig yting, og sosialtenesta har både rett og plikt til å utøve skjøn når ein skal vurdere om det skal ytast stønad, og ved utmåling av stønad. Dei rettningsgjevande satsane til staten må difor reknast som eit rettningsgjevande utgangspunkt for det skjøn som skal utøvast. Det er eit krav at stønaden i den einskilde sak sikrar søkjar eit forsvarleg livsopphald, og det skal alltid leggjast til grunn ei individuelle vurdering.

Rettleiande normer er praktisk og nyttig reiskap som eit utgangspunkt for berekning, og skal bidra til å sikre mest mogleg likebehandling i den einskilde kommune, men med individuelle vurderingar. Dei statlege satsane kan og vera med på å redusera ulikskap mellom stønadsnivået i kommunar.

Dei rettleiande retningslinjene omfattar utgifter til det løpande, daglege livsopphaldet: mat og drikke, klær og sko, hushaldningsartiklar, hygiene, TV-lisens, avis og telefon, fritidsaktivitetar, fritidsutstyr til barn og reiseutgifter (bruk av off.kommunikasjon i samband med daglege gjeremål) jf.rundskriv I-34/2001.

Buutgifter, straum og oppvarming, hus- og innbuforsikring, innbu og kvitevarer inngår også i kjerneområdet til livsopphald, men er ikkje inkludert i retningslinjene for stønadsnivået og må vurderast særskilt i kvart enkelt høve.

”Særlege utgifter” som etter konkret vurdering kan inngå i livsopphaldsomgrepet, er ikkje rekna inn i grunnlaget for statleg rettleiande stønadsnivå. Dette kan til dømes vere utgifter i

samband med høgtids- og merkedagar, fritidsutstyr for vaksne, spedbarnsutstyr, barnepass, skulestart, vidaregåande skule, utgifter knytt til samver med barn, lege, psykolog og liknande, medisinar, tannbehandling, syns- og hørselshjelpemiddel, flyttegifter, vedlikehald av eigen bustad, bilhald og særlege behov elles.

Retningslinene er ikkje tidsavgrensa i høve lengda på stønadsperioden og gjev ikkje rettleiing om stønad i akutte situasjonar.

Rundskrivet påpeikar elles at stønaden skal utmålast etter konkret vurdering av den enkelte mottakar sine behov ut frå familiesituasjon, bustadtilhøve, alder, akutt eller varig hjelpetrong m.v. Normer skal såleis berre vere rettleiande og eit hjelpemiddel for det konkrete skjønnet ved vurdering av stønadsnivå.

Ved utmåling av stønad til barnefamiliar må det takast særleg omsyn til at barn skal ha ein så normal oppvekst som mogleg.

Staten sine retningsgjevande satsar for tildeling av økonomisk stønad:

| | 2007: | 2008: | 2009: | 2010 |
|-------------------------------|---------|---------|---------|----------------|
| Einsleg | 4.600.- | 4.720.- | 5.105.- | 5.197.- |
| Ektepar/sambuar | 7.650.- | 7.840.- | 8.479.- | 8.632.- |
| Person i bu-fellesskap | 3.825.- | 3.920.- | 4.240.- | 4.316.- |

| | | | | |
|--------------------|---------|---------|---------|----------------|
| Barn 0-5 år | 1.760.- | 1.800.- | 1.947.- | 1.982.- |
| Barn 6-10 | 2.330.- | 2.390.- | 2.585.- | 2.632.- |
| Barn 11-17 | 2930.- | 3.000.- | 3.245.- | 3.303.- |

Leikanger kommune sine retningsgjevande satsar for tildeling av økonomisk stønad i 2010:

| Satsane pr.mnd: | 2008 | 2009 | 2010 |
|------------------------------|-------|-------|----------------|
| Einsleg | 5.125 | 5.535 | 5.535.- |
| Ektepar/sambuar | 7.841 | 8.468 | 8.632.- |
| Person i bufellesskap | 3.920 | 4.234 | 4.316.- |

| | 2008 | 2009 | 2010 |
|----------------------|-------|---------|----------------|
| Barn 0-5 år | 1.804 | 1.948.- | 1.982.- |
| Barn 6-10 år | 2.388 | 2.579.- | 2.632.- |
| Barn 11-17 år | 3.003 | 3.243.- | 3.303.- |

Nav Leikanger vil tilrå at Leikanger kommune justerer satsane tilsvarande nivået til dei statlege satsane. Satsane for einslege vert ikkje endra, då dei ligg noko høgare enn dei statlege. Dei nye satsane vert gjort gjeldande frå 01.02.2010.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Søknad om løyving av startlån for vidare tildeling.

Sakshandsamar: Grete Hagen
Arkivsak nr.: 09/106

Arkiv: 243

| Sak nr.: | Utval | Møtedato |
|----------|---------------|------------|
| 11/10 | Formannskapet | 27.01.2010 |
| 6/10 | Kommunestyret | 04.02.2010 |

Formannskapet sitt FRAMLEGG TIL VEDTAK, samr.:

Kommunestyret vedtek at Leikanger kommune tek opp startlån i Husbanken stort kr 1. 500.000,- samt godkjenner lånevilkåra.

TILRÅDING:

Kommunestyret vedtek at Leikanger kommune tek opp startlån i Husbanken stort kr 1. 500.000,- samt godkjenner lånevilkåra.

DOKUMENT:

SAKSUTGREIING:

NAV Leikanger administrerer Husbanken sine låne og tilskotsordningar. Tidligere i år har vi søkt og fått innvilga kr. 500 000 frå Husbanken til vidareformidling av Startlån. Det syner seg at denne summen er overskriden og at etterspurnaden for slike lån er aukande.

Dette sett i lys av at rentemarkedet er påveg opp, samstundes som at lånerenta i Husbanken er svært låg og ligg på etterskot i høve det ordinære lånemarkedet.

Startlån gjeld for einskilde grupper som td.etablering for einsleg forsyttarar, rusmisbrukarar, innvandrarar og andre i særkilte grupper og situasjonar.

Leikanger kommune har i 2009 busetningsvedtak frå IMDI på 10 personar, i tillegg kjem familiegjenforening. Dette er ei prioritert gruppe frå Husbanken, og her kan vera aktuelle saker. Kommunen har også ei relativt stor gruppe med einslege forsyttarar i etableringsfase som er sårbare for renteauke og som fort kan komme i ein økonomisk vanskeleg situasjon.

Husbanken har fastsett egne retningslinjer som kommunen må følge for bruk av lånemidlane. Kommunen svarar for årlege renter og avdrag overfor Husbanken. Lånetakarane betaler kostnader for dei lånesummane dei får tildelt til kommunen.

Lånevilkår:

Løpetid i år: 10 år

Terminer pr.år: 4

Flytande rente etter Husbanken sin einkvartid gjeldande sats

Gebyr pr.termin kr. 30.-

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Gebyr for handsaming av private reguleringsplanar og dispensasjonar

Sakshandsamar: Per Holen
Arkivsak nr.: 10/33

Arkiv: 231 L12

| Sak nr.: | Utval | Møtedato |
|----------|---------------|------------|
| 4/10 | Formannskapet | 27.01.2010 |
| 7/10 | Kommunestyret | 04.02.2010 |

Formannskapet sitt FRAMLEGG TIL VEDTAK, samr. :

Leikanger kommunestyre vedtek framlegg av 18.01.10 til nye gebyr for handsaming av private reguleringsplanar og dispensasjonar.

Satsane tek til å gjelda frå 1.mars 2010.

TILRÅDING:

Leikanger kommunestyre vedtek framlegg av 18.01.10 til nye gebyr for handsaming av private reguleringsplanar og dispensasjonar.

Satsane tek til å gjelda frå 1.mars 2010.

DOKUMENT:

- Gjeldande regulativ frå 2005 og framlegg av 18.01.10 (vedlagt)

SAKSUTGREIING:

Leikanger kommunestyre innførde i 2005 gebyr for handsaming av private reguleringsplanar. Ved endringa av Plan- og bygningslova frå 1.juli 2009 vart krava dei tekniske krava til plandokumenta presisert og auka. Dette er det ikkje teke høgde for i det gamle regulativet.

Kommunestyret har i samband med vedtak om budsjett 2010/økonomiplan 2010- 2013 vedteke at inntektene for planhandsaming skal aukast. Framlegget av 18.01.10 har lagt ei tilpassing til satsane i nabokommunane til grunn.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Gebyr for byggesakshandsaming

Sakshandsamar: Ervin Johan Beheim
Arkivsak nr.: 10/49

Arkiv: 231 L4

| Sak nr.: | Utval | Møtedato |
|----------|---------------|------------|
| 6/10 | Formannskapet | 27.01.2010 |
| 8/10 | Kommunestyret | 04.02.2010 |

Formannskapet sitt FRAMLEGG TIL VEDTAK, samr.:

Leikanger kommunestyre vedtek framlegg av 18.01.10 til nye gebyr for byggesakshandsaming.

Satsane tek til å gjelda frå 1.mars 2010.

TILRÅDING:

Leikanger kommunestyre vedtek framlegg av 18.01.10 til nye gebyr for byggesakshandsaming.

Satsane tek til å gjelda frå 1.mars 2010.

DOKUMENT:

- Gjeldande regulativ frå 2005 og framlegg av 18.01.10 (vedlagt)

SAKSUTGREIING:

Leikanger kommunestyre innførde i 2005 gebyr for byggesakshandsaming

Kommunestyret har i samband med vedtak om budsjett 2010/økonomiplan 2010- 2013 vedteke at inntektene for planhandsaming skal aukast. Framlegget av 18.01.10 har lagt ei tilpassing til satsane i nabokommunane til grunn.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Gebyr etter matrikkellova

Sakshandsamar: Runar Stadheim
Arkivsak nr.: 10/51

Arkiv: 231 L31

| Sak nr.: | Utval | Møtedato |
|----------|---------------|------------|
| 5/10 | Formannskapet | 27.01.2010 |
| 9/10 | Kommunestyret | 04.02.2010 |

Formannskapet sitt FRAMLEGG TIL VEDTAK, samr.:

Leikanger kommunestyre vedtek framlegg av 18.01.10 til betalingsregulativ for kommunale pliktoppgåver og tenester etter Matrikkellova i medhald av § 32 i lova.

Regulativet skal kunngjerast som lokal forskrift i medhald av §38 i forvaltningslova og gjelda frå 1.mars 2010.

TILRÅDING:

Leikanger kommunestyre vedtek framlegg av 18.01.10 til betalingsregulativ for kommunale pliktoppgåver og tenester etter Matrikkellova i medhald av § 32 i lova.

Regulativet skal kunngjerast som lokal forskrift i medhald av §38 i forvaltningslova og gjelda frå 1.mars 2010.

DOKUMENT:

- Framlegg av 18.01.10 til gebyrregulativ (vedlagt).
- Rundskriv [T-5/09: Ikraftsetjing av Lov om eigedomsregistrering \(Matrikkellova\) med forskrifter \(Matrikkelforskrifta\)](#)

SAKSUTGREIING:

Frå 01.01.2010 erstattar Matrikkellova Delingslova. For at kommunen skal kunna ta betaling for kommunale pliktoppgåver og tenester etter lova, slik det i dag blir gjort i medhald av delingslova, må kommunestyret fastsette betalingsregulativ i medhald av den nye lova. Rådmannen har utarbeidd eit betalingsregulativ på grunnlag av gebyrmal frå GeoForum.

Gebyrsmalen inneheld ikkje prisar, desse skal fastsetjast av kvar einskild kommune utifrå sjølvkostprinsippet. I framlegget til betalingsregulativ er det så langt råd er teke utgangspunkt i prisnivået i gjeldande regulativ etter delingslova.

1. januar 2010 vart Matrikkellova sett i kraft. Lova medfører nye sakshandsamingsreglar for registrering av eigedom mm.

Lov 17. juni 2005 nr. 101 om eigedomsregistrering (Matrikkellova) erstattar f.o.m. 01.01.2010 lov av 23. juni 1978 nr. 70 om kartlegging, deling og registrering av grunneigedom (Delingslova) og lov 9. juli 1923 nr. 1 om ”anbringelse av signaler og merker for målearbeider” (Signallova).

Den nye lova m/forskrifter medfører nye omgrep og omfattande endringar for det som vedkjem kommunal forvaltning og tenesteproduksjon innanfor lova sitt virkeområde. Det er innført tidsfristar, nye eigedomstypar, større krav til dokumentasjon mm. Dette er omtalt i rundskrivet frå Miljøverndepartementet og i gebyrsmalen for forvaltningsoppgåver etter matrikkellova.

I medhald av §32 i Matrikkellova kan kommunen ta betaling for utføring av oppgåver etter lova, og for opplysningar frå matrikkelen. For å kunna ta lovlege gebyr etter det nye lovverket må kommunen først vedta nytt gebyrregulativ i medhald av lova og deretter få det kunngjort.

Kommunane kan setja prisane slik at dei får dekka sine kostnader i samband med plikttoppgåver etter lova. Det skal vera eitt samla gebyr for oppmålingsforretning og matrikkelføring. Sjølvkostprinsippet skal leggjast til grunn (jf. publ. KRD H – 2140), men MD uttalar i NOU 1999:1 at det ikkje er krav om eksakte berekningar, og at kommunen til ein viss grad kan lata einskilde typar saker subsidiere andre sakstypar. På grunn av årsvariasjonar i sakstilgang og kostnadsvariasjonar mellom einskildsaker vil saksområdet på årsbasis kunna veksla mellom ”overskot” og ”underskot”. Dette skuldast i hovudsak den delen av prisgrunnlaget som er knytt til faste kostnader, men treng ikkje vera i strid med lova sine avgrensingar. Men i dei tilfella ein kommune krev full kostnadsdekning må det sytast for gebyrsatsar som gjev balanse over nokre år (3 – 5 år).

Etter ønskje frå Miljøverndepartementet, Statens kartverk og KS, har GeoForum teke ansvaret for å utarbeida ein ”standard” gebyrsmal for arbeid etter matrikkellova. Dette arbeidet blei slutført 13. oktober 2009 (versjon 11.10.2009). I tillegg er det samanlikna med vedtekne gebyrregulativ i Luster, Sogndal og Balestrand.

Ei vesentleg endring i den nye gebyrsmalen i høve til gjeldande er at talet på arealklassar er sterkt redusert. Dette er gjort for å få eit gebyrregulativ som er enklare å praktisere enn dagens.

Sidan det ikkje føreligg erfaringstal for arbeid etter matrikellova, må storleiken på gebyra fastsetjast etter kvalifisert vurdering av omfanget av arbeid etter den nye lova. Ein byggjer framlegget på ei generell vurdering frå fagmiljøa om at oppgåvene i sum blir meir omfattande enn etter delingslova. Prisane kan difor leggjast noko høgare enn normal prisstigning for gebyr etter delingslova. Framlegget til Leikanger kommune sitt gebyrregulativ er om lag på same nivå som det våre nabokommunar har vedteke.

I tillegg til framlegg om færre arealklassar i det nye regulativet, er den største endringa i samanliknbare forhold gjort i opningsgebyret. I gjeldande betalingsregulativet etter delingslova er dette på 9.538 kroner for eit areal på 0-1,5 da. I det nye regulativet er opningsgebyret på 6500 kroner for areal opp til 500 m². Endringa blir grunnlagt med at

tomteareal som er mindre enn 0,5 da ofte dreiar seg om regulerte og sentrumsnære bustadområde, der arbeidet etter lova kan skje meir rasjonelt og effektivt enn for spreidde einskildtomtar. For areal frå 501m² og meir vil forslaget medføre litt prisauke i høve til dagens regulativ.

Når det gjeld gebyr for nye store eigedomar, landbrukseigedomar og eigedomar til ålmennyttige føremål, må slike saker vurderast særskilt. Her kan prisfastsetjinga skje etter punktet om urimeleg gebyr, der rådmannen eller den han gjev fullmakt får høve til å fastsetja eit passende gebyr, jf punkt 1.9 i regulativet. Rådmannen tilrår å følgja prinsippa i gebyrmalen på dette punktet.

I medhald av rettleiaren om lov- og forskriftsarbeid, er vedtak om prisar for pliktige tenester og ytingar å rekna som vedtak etter forvaltningslova. Sjølv om det dreiar seg om å vidareføre eit etablert prinsipp om betaling for utøving av kommunale myndigheitsoppgåver, må kommunestyret fatta nytt vedtak om betaling med tilvising til aktuell lovheimel. Når regulativet er vedteke må det deretter offentleg kunngjerast i medhald av Fvl § 39 før reglane kan gjerast allminneleg gjeldande. Regulativet bør difor vedtakast som lokal forskrift, og kunngjerast i medhald av **Fvl § 38** første ledd bokstav c.

Det er ikkje krav om at forskrifter skal gjennomgåast regelteknisk eller underleggjast annan kontroll før dei blir vedtekne, men **Fvl § 37** set krav om utgreiingsplikt, førehandsvarsling og fråsegner frå interesserte. Sakshandsamar meiner at ved å leggja gebyrmalen frå GeoForum til grunn er det formelle og teknisk innhaldet kvalitetssikra. Når prissettinga dessutan ikkje rår nye grupper eller fører til vesentleg prisskjerping i høve betalingsregulativet etter delingslova, treng ikkje regulativet førehandsvarslast, jf. Fvl § 37 første ledd bokstav c.

Matrikkellova set tidsfrist for kommunen si gjennomføring av oppgåver etter lova. Oversitjing av tidsfristen gjev automatisk avkorting av gebyra som skal finansiere kommunen sine oppgåver etter lova. For å unngå eit større omfang av gebyravkorting som følgje av forhold kommunen ikkje rår over, er kommunane gitt høve til å definere vintertid i lokal forskrift til lova, og bestemme at denne perioden ikkje skal reknast med i sakshandsamingstida.

Slik lokal forskrift vert framlagt for kommunestyret i eit seinare møte i god tid før neste vinter.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Bustadbygging i Lundene

Sakshandsamar: Per Holen
Arkivsak nr.: 10/41

Arkiv: L81

| Sak nr.: | Utval | Møtedato |
|----------|---------------|------------|
| 8/10 | Formannskapet | 27.01.2010 |
| 10/10 | Kommunestyret | 04.02.2010 |

Formannskapet sitt FRAMLEGG TIL VEDTAK, samr.:

Pris for tomt R1 vert redusert til 100.000 kr. Dersom ikkje tomte er seld for privat utbygging innan 1.juni 2010, får rådmann i oppdrag å leggja fram sak om bygging i kommunal regi på tomte.

Rådmannen får i oppdrag å fremja endra reguleringsplan for om lag 9 daa i Lundene, vist på kart av 19.01.2010, grunneigarar Geirmund og Kolbjørn Henjum og Leikanger kommune. Det skal regulerast for utbygging av minimum 13 bueiningar.

TILRÅDING:

Pris for tomt R1 vert redusert til 100.000 kr. Dersom ikkje tomte er seld for privat utbygging innan 1.juni 2010, får rådmann i oppdrag å leggja fram sak om bygging i kommunal regi på tomte.

Rådmannen får i oppdrag å fremja endra reguleringsplan for om lag 9 daa i Lundene, vist på kart av 19.01.2010, grunneigarar Geirmund og Kolbjørn Henjum og Leikanger kommune. Det skal regulerast for utbygging av minimum 13 bustader.

DOKUMENT:

- K-sak 16/08.
- Brev av 27.08.08 frå Geirmund og Kolbjørn Henjum (vedlagt)
- Kart av 19.01.10 i M 1:1000 (vedlagt)

SAKSUTGREIING:

Kommunestyret fastsette i sak16/08 i møte 08.05.08 prisen for rekkehustomt R1 i Lundene til 200.000 kr. I same saka vart arealet på 5,2 daa som kommunen eig lagt ut for sal for 250.000 kr. Kommunen har korkje fått interesserte kjøpar til rekkehustomta eller tomtearealet.

Rådmannen ynskjer no å gjera rekkehustomta meir attraktiv ved å tilrå at prisen vert halvert. Etter reguleringsplanen skal det byggjast 4 bueiningar på tomta. Rådmannen ynskjer òg at kommunen vurderer bygging i eigen regi dersom ikkje den private marknaden reagerer i løpet av dei første månadene.

I brev av 27.08.08 baud Geirmund og Kolbjørn Henjum ut om lag 3,6 daa av deira eigedom for sal til bustadtomter. Dette arealet er avhengig av vegtilkomst frå kommunen sine område på Hjedl og i Lundene. Gjeldane reguleringsplan for Lundene er ikkje endra etter at planen for Hjedl vart godkjent. Det var lagt opp til at eventuelle private kjøparar av arealet òg skulle stå for utarbeidinga av den endra reguleringsplanen. No finn rådmannen det rett at kommunen sjølv står for denne planendringa i eigen regi. Rådmannen legg òg til grunn at den endra planen minst skal innehalda same tal bueiningar som gjeldane plan.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Avtale med Leikanger næringshage om sakshandsaming av næringsfondssakene

Sakshandsamar: Per Holen
Arkivsak nr.: 10/50

Arkiv: 243 U01

| Sak nr.: | Utval | Møtedato |
|----------|---------------|------------|
| 1/10 | Formannskapet | 27.01.2010 |
| 11/10 | Kommunestyret | 04.02.2010 |

Formannskapet sitt FRAMLEGG TIL VEDTAK, samr.:

Leikanger kommune engasjerer Leikanger Næringshage til handsaming av sakene til næringsfondet i 2010 i samsvar med tilbod i e-post av 15.01.2010.

Dekning av utgiftene vil kommunestyret komma attende til i samband med handsaming av ei sak om organisering av det samla næringsarbeidet i kommunen.

TILRÅDING:

Leikanger kommune engasjerer Leikanger Næringshage til handsaming av sakene til næringsfondet i 2010 i samsvar med tilbod i e-post av 15.01.2010.

Dekning av utgiftene vil kommunestyret komma attende til i samband med handsaming av ei sak om organisering av det samla næringsarbeidet i kommunen.

DOKUMENT:

- E-post av 15.01.10 (vedlagt)

SAKSUTGREIING:

Leikanger kommune inviterte 25.11.09 til eit møte med dei ulike aktørane i næringslivet i kommunen. I tillegg til kommunen var Leikanger Næringshage, Opplev Leikanger og Leikanger reiselivslag tilstades. Tema var framtidig organisering av det samla næringsarbeidet i kommunen. I møtet vart Einar Skram Husabø frå næringshagen og Per Holen frå kommunen utpeika til å komma med eit framlegg til til organsiering.

Dette arbeidet er godt i gang. Det har vore innleiande samtalar med Opplev Leikanger og reiselivslaget. Det er utarbeidd ei skisse som skal drøftast i eit møte 10.februar. Til dette møtet

vil representantar for Kjeringi Open, Fruktbare dagar, Sognefjord Swim Festival, Opplev Leikanger og Leikanger Reiselivslag verta inviterte. Etter dette møtet vil eit framlegg til organisering verta oversendt kommunen for politisk handsaming.

Næringsfondet er eit sentralt område i dette arbeidet. Det er ynskjeleg for partane at handsaming av desse sakene vert testa ut snarast råd. Kommunen har difor bedt næringshagen om eit tilbod på sakshandsaminga i 2010. Skal dette kunna skje etter dei vanlege tidsfristane må kommunestyret godkjenna tilbodet frå næringshagen i møte 4.februar.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Tilleggsøyving

| | |
|------------------------------|------------|
| Sakshandsamar: Gunnar Steine | Arkiv: 153 |
| Arkivsak nr.: 10/35 | |

| Sak nr.: | Utval | Møtedato |
|----------|---------------|------------|
| 13/10 | Formannskapet | 27.01.2010 |
| 12/10 | Kommunestyret | 04.02.2010 |

Formannskapet sitt FRAMLEGG TIL VEDTAK, samr.:

Kommunestret vedtek fylgjande tilleggsøyving for å dekkja meirkostnader med nye tiltak i pleie og omsorg og ved barneskulen for 2010:

| | |
|------------------------------------|---------------|
| Heimebasert omsorg – ansvar 12231: | kr. 235.000,- |
| Barneskulen – ansvar 12412: | kr. 224.000,- |

Dei samla utgiftene på kr. 459.000,- vert dekkja frå disposisjonsfondet.

TILRÅDING:

Kommunestret vedtek fylgjande tilleggsøyving for å dekkja meirkostnader med nye tiltak i pleie og omsorg og ved barneskulen for 2010:

| | |
|------------------------------------|---------------|
| Heimebasert omsorg – ansvar 12231: | kr. 235.000,- |
| Barneskulen – ansvar 12412: | kr. 224.000,- |

Dei samla utgiftene på kr. 459.000,- vert dekkja frå disposisjonsfondet.

DOKUMENT:

- Vedtak i inntaksnemnda for pleie og omsorg, sak 1012.
- Søknader/tilrådingar om tiltak for elevar ved barneskulen.

SAKSUTGREIING:

Etter at budsjettet for 2010 vart vedteke er det kome til 3 kostnadskrevjande saker innanfor pleie og omsorg og grunnskulen som det ikkje er budsjettdekning for å setja i verk.

Pleie og omsorg:

Kommunen har motteke ein søknad om ordning med brukarstyrt personleg assistent. Dette gjeld ein brukar som flyttar til Leikanger kommune no i vår. Vedk. er innvilga tilsvarande ordning som det no er søkt om, i den kommunen vedk. i dag bur i.

Søknaden er handsama i inntaksnemnda i møte 07.01.2010, sak 1012. Søknaden er godt dokumentert og vedk. har etter sosialtenestelova § 4-2a, rett på ei slik teneste. Omfanget er vurdert og fastsett lik det vedk. har i dag.

Årleg kostnad med tiltaket er stipulert til kr. 310.000,- For året 2010 vert kostnaden sett til kr. 235.000,- Det er ikkje budsjettdekning for iverksetjing av tiltaket innanfor eksisterande budsjett, og rådmannen kan ikkje sjå at det innanfor pleie og omsorg sitt budsjett vil vera råd å omprioritera midlar for å dekkja opp for dette tiltaket.

Barneskulen:

Kommunen har motteke 2 søknader/tilrådingar om tiltak kring barn med større samansette vanskar.

Grunnlaget for søknadane/tilrådingane er godt dokumenterte gjennom helsevesen, BUP og PPT. Omfanget av tiltaka vil ligge på 16 -18 t/v fordelt på pedagog/miljøterapeut eller tilsvarande.

Årleg kostnad vert stipulert til omlag 246 000 kroner. For 2010 vert tiltaka sette i verk frå 01.02.2010, og kostnaden vert redusert til omlag 224 000 kroner.

Det er ikkje budsjettdekning for desse tiltaka innafor eksisterande budsjett, og rådmannen kan vanskeleg sjå at det er lønsmidlar å omdisponere innafor barneskulen sitt budsjett.

Konklusjon:

Samla utgifter til desse 3 tiltaka utgjer for 2010 kr. 459.000,- Driftsbudsjetta for dei 2 tenesteområda i 2010 er så stramme at rådmannen vil tilrå at det vert gjeve ei tilleggsøyving til pleie og omsorg og barneskulen får å finansiera meirkostnadene. Tilleggsøyvinga vert å dekkja frå disposisjonsfondet.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Helsetenesta - ny lokalisering

Sakshandsamar: Gunnar Steine
Arkivsak nr.: 10/20

Arkiv: 614 G60

| Sak nr.: | Utval | Møtedato |
|----------|---------------|------------|
| 12/10 | Formannskapet | 27.01.2010 |
| 13/10 | Kommunestyret | 04.02.2010 |

Formannskapet sitt FRAMLEGG TIL VEDTAK, samr.:

Kommunestyret vedtek å opprette ei arbeidsgruppe med oppgåve å greie nærare ut spørsmålet om flytting av helsesenteret til Leikanger sjukeheim og bygging av omsorgsbustader i tilknytning til institusjonen.

Formannskapet vert styringsgruppe.

Mandat:

- A) Skissere løysingar for plassering av helsesenteret sine funksjonar ved Leikanger sjukeheim innanfor eksisterande areal, evt. i kombinasjon med naudsynt tilbygg.
- B) Vurdere trongen for omsorgsbustader i tilknytning til sjukeheimen og mogleg plassering av desse.
- C) Utgreiinga skal også innehalde kostnadsoverslag og framdriftsplan for gjennomføring av ei utbygging.
- D) Tidsfrist for arbeidsgruppa: 01.06.10.

Samansetjing av arbeidsgruppa:

Kommuneoverlege: Leiv Erik Husabø

Pleie- og omsorgsleiar: Anne Margrethe Kråvik

Sektorleiar: Per Holen

Fylgjande 2 medlemmer valde av og mellom kommunestyret sine representantar:

Birte Fossheim

Jan Sigurd Haugen

Rådmannskontoret er sekretær for arbeidsgruppa

HANDSAMING:

Som framlegg til politisk valde representantar kom tre framlegg:

- Steinar Fredheim sitt framlegg : Monica Åsnes
- Jan Sigurd Haugen sitt framlegg: Jan Sigurd Haugen
- Olav Lunden sitt framlegg: Birthe Fossheim

Det vart nytta skriftleg avrøysting.Resultatet etter avrøysinga:

- Birthe Fossheim: 5 røyster
- Jan Sigurd Haugen: 4 røyster
- Monica Åsnes: 1røyst

Formannskapet tilrår at Birte Fossheim og Jan Sigurd Haugen blir oppnemnt som kommunestyret sine representantar i arbeidsgruppa.

TILRÅDING:

Kommunestyret vedtek å opprette ei arbeidsgruppe med oppgåve å greie nærare ut spørsmålet om flytting av helsesenteret til Leikanger sjukeheim og bygging av omsorgsbustader i tilknytning til institusjonen.

Formannskapet vert styringsgruppe.

Mandat:

- A) **Skissere løysingar for plassering av helsesenteret sine funksjonar ved Leikanger sjukeheim innanfor eksisterande areal, evt. i kombinasjon med naudsynt tilbygg.**
- B) **Vurdere trongen for omsorgsbustader i tilknytning til sjukeheimen og mogleg plassering av desse.**
- C) **Utgreiinga skal også innehalde kostnadsoverslag og framdriftsplan for gjennomføring av ei utbygging.**
- D) **Tidsfrist for arbeidsgruppa: 01.06.10.**

Samansetjing av arbeidsgruppa:

Kommuneoverlege: Leiv Erik Husabø

Pleie- og omsorgsleiar: Anne Margrethe Kråvik

Sektorleiar: Per Holen

Fylgjande 2 medlemer valde av og mellom kommunestyret sine representantar:

Rådmannskontoret er sekretær for arbeidsgruppa

DOKUMENT:

- Rapport frå arbeidsgruppe dat. 29.12.09. (vedlegg)

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn

Det vert arbeidd med planar for sal og ombygging av den gamle sjukeheimen til bustadføremål. Dersom dette vert realisert, kan det verte aktuelt å skaffe nye lokale til helsesenteret som i dag er lokalisert i sokkeletasjen i bygget.

Med dette som utgangspunkt oppretta rådmann ei arbeidsgruppe for å vurdere om det kunne vera aktuelt flytte helsesenteret til den nye sjukeheimen og samlokalisert med dei øvrige tenestene der.

Arbeidsgruppa fekk fylgjande oppdrag:

- *Er det mogleg å flytte helsetenesta til Leikanger sjukeheim?*
- *Korleis kan dette gjennomførast innanfor eksisterande areal, evt. behov for nybygg?*
- *Fordelar og ulemper ved slik samlokalisering?*
- *Medlemar arbeidsgruppe: Leiv Erik Husabø, Anne Margrethe Kråvik og Gunnar Steine.*
- *Tidsfrist: Arbeidsgruppa har svar på nemnde spørsmål innan 31.12.2009.*

Eg tenkjer meg at vi startar så enkelt i fyrste omgang. Om det syner seg at dette let seg realisere - bør vi opprette ei breiare samansett gruppe som ser vidare på kva moglegheiter som kan ligge i ei slik samlokalisering. Ikkje minst med tanke på "Samhandlingsreforma".

Arbeidsgruppa har i sin sluttrapport konkludert slik:

Arbeidsgruppa meiner at det burde vera grunnlag for å gå vidare med ei grundigare utgreiing omkring flytting av helsesenteret til den nye sjukeheimen.

Det vil ikkje vera rom for å løysa arealtrongen fullt ut innanfor noverande areal. Legesentret må lokalisert i første høgda og treng eigen inngang som omtalt over.

Ei samlokalisering av kommunen sine pleie- og omsorgstenester og helsesenteret vil vera framtidsretta. Det vil føra til eit styrka og samla fagmiljø som på ein langt betre måte enn i dag, vil kunne møte framtida sine krav om auka aktivitet, kvalitet og endå meir spesialiserte tenester. Arbeidsplassane vil framstå som meir attraktive for dei ulike arbeidsgruppene. Ei slik samlokalisering vil og vera avgjerande for om me skal kunne ta på oss nye oppgåver som fylgje av samhandlingsreforma.

Samlokalisering av desse tenestene og bruk av lokala som synt over, vil innebera at ein ikkje utan vidare kan få tilbake dei 4 sengeplassane som i dag har vore unytta ved blå avdeling og

som no vil inngå i det nye romprogrammet. Dette må etter arbeidsgruppa si meining på sikt kompenseras med bygging av omsorgsbustader med heildøgns pleie ved sjukeheimen. Ei samlokalisering av desse tenestene vil auka trafikken inn i området, og krevja utvida parkeringsareal.

Rådmann si vurdering:

Arbeidsgruppa har konkludert med at bør vera grunnlag for å arbeida vidare med spørsmålet om flytting av helsesenteret til Leikanger sjukeheim. Arbeidsgruppa vurderer ei samlokalisering av desse tenestene som framtidsretta og eit nyttig grep for å møte framtida sine krav til ei godt fungerande kommunal helseteneste.

I ei tid med stor etterspurnad etter bustader, vil og ei frigjering av heile bygningsmassen til den gamle sjukeheimen til bustadføremål, vera svært bra.

Gjennomgangen av kommunen sin tenesteproduksjon i 2009 (OU-prosjektet) synte at kommunen manglar eit tilbod om heildøgns pleie og omsorg utanfor institusjon, såkalla omsorgsbustader. Samtidig vil samhandlingsreforma setja større krav til kommunen om meir spesialiserte og samansette tenester innanfor pleie og omsorg. For å møte desse utfordringane bør kommunen vurdere å etablera omsorgsbustader i tilknytning til sjukeheimen.

Rådmann vil tilrå at det vert oppretta ei ny arbeidsgruppa med oppgåve å arbeida vidare med spørsmålet om flytting av helsesenteret til Leikanger sjukeheim og samtidig vurdere ei utbygging av omsorgsbustader i tilknytning til sjukeheimen.

Arbeidsgruppa bør ha kompetanse innan helse, pleie og omsorg og byggtknisk fag. Arbeidsgruppa bør i tillegg ha medlemmer valde av og mellom kommunestyret sine representantar.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Endring av vedtektene for dei kommunale barnehagane i Leikanger

Sakshandsamar: Jorunn Nytingnes
Arkivsak nr.: 10/67

Arkiv: A10 &00

Sak nr.: Utval
14/10 Kommunestyret

Møtedato
04.02.2010

TILRÅDING:

Vedtektene for dei kommunale barnehagane i Leikanger vert endra på desse punkta:

§ 6 Opptaksreglar:

- Punktet om at sysken skal så langt mogeleg få plass i same barnehagen vert flytta fram til innleiinga før opptaksreglane.
- Nytt pkt. 10: Motteken barnehageplass må takast i bruk innan ein månad etter den datoen som står i tildelingsvedtaket. Dette punktet vert plassert etter opptaksreglane.

§7 Opptakstider og oppseiingsfrist

- Oppseiingstida vert endra til 2 månader for deler av plass

DOKUMENT:

- Vedtekter for barnehagane i Leikanger (vedlagt)
- Barnehagelova med forskrifter og kommentarar
- Stortingsmelding nr 41 ”Kvalitet i barnehagen”
- Kommunestyret sine vedtak om sommarstenging, ny inntektsgrense mellom høg og låg sats, og nye betalingssatsar for matpengar

SAKSUTGREIING:

Kommunen utarbeider kvart år ein foldar som som gjev informasjon om barnehagetilbodet i kommunen, med litt omtale av kvar barnehage, om søknadsprosessen og opptaksreglane, vedtekter, foreldrebetaling m.m.

Formålsparagrafen for barnehagane vart endra 19.12.2008 og ein del lovverk er oppdatert etter den tid. Kommunestyret vedtok vidare i desembermøtet at barnehagane skal vere stengde 4 veker om sommaren, at grensa mellom høg og låg sats skal hevast i samsvar med prisstiginga.

I samband med gjennomgang av foldaren, går ein og gjennom vedtektene og ser på om det er noko ein ut frå erfaring bør endre. Ein har denne gongen funne 3 slike område.

1. Barnehagebetaling, søskenmoderasjon, kontantstøtterapportering og statstilskot m.v er nøye regulert gjennom lovverk. I tider med opplevd knapphet på barnehageplass har ein nokre få gonger sett at foreldre søker om tideling av plass ein del tidlegare enn dei har behov for plassen. Nokre har plass i ein kommune, men betalar gjerne eit par månader i ein annan kommune for å sikre seg plass.

Dette skapar litt problem i høve til statstilskot, då det etter regelverket skal gjevast til barn *som faktisk er i barnehagen*. For kommunen er dette vanskeleg å kontrollere, samtidig som det gjev ein del meirarbeid.

For andre foreldre følest det urettferdig i kamp om plass i ein spesiell barnehage. Rådmannen gjer difor framlegg om å ta inn i vedtektene eit punkt om at plassen må takast i bruk innan ein månad etter tildelingsddato, og så får barnehagane praktisere dette med rimeleg skjønn.

2. Askedalen barnehage har punkt om søsken prioritert på 3. plass, etter dei lovmessige prioriteringane. I ein stressa kvardag, både for foreldre og personale, kan dette bety dette ganske mykje. Foreldre får *ein* stad å levere, *ein* barnehage å forholde seg til i høve foreldremøte, dugnader og deltaking, og for barnehagen ein familie mindre.

Rådmannen gjer framlegg om at dette punktet vert flytta fram til innleiinga i opptaksreglane for å gjere det meir synleg. Dette punktet rokkar ikkje ved kven som får barnehageplass, men ved fordelinga barnehagane i mellom.

3. Leikanger kommune har pr. i dag 2 mnd oppseiing for barnehageplass, og 4 mnd for å seie opp deler av plass/reduere plass.

4 månaders frist for å seie opp deler av ein plass ein ikkje lenger har bruk for, følest for mange urimeleg.

Forbrukerombudet, som har ansvaret for å regulere kontraktsvilkår mellom skole og barnehage og foreldre, har utarbeidd retningslinjer der det heiter at oppseiingstida bør vere éin månad, men at inntil to månader kan akseptrast.

Ei ny undersøking som vart gjort i 2009 viser at dei fleste kommunane, ni av 10, har ei oppseiingstid på to månader eller mindre, medan 10 % har det som vert vurdert som urimeleg lang oppseiingstid. Forbrukarombudet har klaga ein del av desse kommunane inn for fylkesmannen.

Kommunane rundt oss har ulike fristar, og nokre har spesielle fristar på våren for å hindre at ein seier opp for å spare ein månadsbetaling om sommaren.

Rådmannen gjer framlegg om at Leikanger kommune legg seg på 2 månader, og at dette skal gjelde både for heil plass og deler av plass.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Delegeringsreglement for Leikanger kommune - område Opplæringslova

Sakshandsamar: Jorunn Nyttningnes
Arkivsak nr.: 10/70

Arkiv: 044

Sak nr.: Utval
15/10 Kommunestyret

Møtedato
04.02.2010

TILRÅDING:

Administrativt delegeringsreglement for Leikanger kommune - område opplæringslova, vert vedteke i samsvar med framlegg frå rådmannen

DOKUMENT:

- Administrativt delegeringsreglement for Leikanger kommune, område opplæringslova. (vedlagt)
- Tilsyn med opplæringsverksemda – oversending av rapport

SAKSUTGREIING:

Fylkesmannen har gjennomført tilsyn med opplæringsverksemda i Leikanger kommune etter opplæringslova §§ 13-10 andre ledd og 8-2. Tilsynet skal kontrollere om skuleeigar har eit forsvarleg system for å organisere elevane i grupper jfr. dei nemnde paragrafane. Tilsynet vart gjennomført i perioden 22. – 23.10.2009.

Den 05.11.2009 fekk kommunen melding om følgjande avvik:

Kommunen sitt delegasjonsreglement viser ikkje kvar ansvaret for opplæringslova § 13-10 andre ledd er plassert.

Kommunen fekk og tre merknader, der den eine gjekk på delegasjonsreglementet: *Kommunen sitt administrative delegasjonsreglement er datert 23.10.03. Seinare endringar i reglementet har skjedd gjennom vidaredelegasjon i form av brev til rektorane.*

Det vart gjennomført sluttmøte mellom fylkesmannen og kommunen den 20.11.2009. Kommunen har frist til 01.03.2010 med å melde tilbake om korleis avviket er lukka.

Rådmannen, leiar for oppvekst og omsorg, og pedagogisk konsulent har gått gjennom reglementet, lagt inn nye paragrafar som har kome til, oppdatert i høve til tidlegare delegasjonsvedtak og gjort mindre endringar. Framlegg til nytt reglement følgjer vedlagt.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Orienteringar

Sakshandsamar: Odd Arve Rakstad
Arkivsak nr.: 10/74

Arkiv:

Sak nr.: Utval
16/10 Kommunestyret

Møtedato
04.02.2010

TEMA:

- 1. KLP v/Anders Austrheim– orientering om kommunen sin pensjonsordning (45 min)**
- 2. Formannskapet – vedtak om å støtte opp Aksjon Haiti i form av deltaking i innsamlingsaksjon og løyving frå kommunen stor kr 2.200.**
- 3. Plan for oppfølging av lekkasjar i vassforsyningsnettet, notat av 19.01.10 frå tenesteleiar (vedl.)**